

HELSE / RIKSVEG 9 / REISELIV / KOMPETANSE / NÆRING / INTERKOMMUNALT SAMARBEID

SR

SETESDAL REGIONRÅD

12

ÅRSMELDING FOR 2012

*Til deg som har interesse av
å vite kva vi gjer, og er oppteken
av å vere med å utvikle dalen*

SETESDAL REGIONRÅD

Innhold

Årsmelding.....	2
Representantskap.....	4
Styre.....	4
Administrasjon – tilsette og faste engasjement.....	5
Rådmannsgruppa	5
Prosjektgrupper og liknande i 2012	5
Kontorarbeid og drift.....	5
Involvering i landsdelsordskiftet	6
samhandling med Fylkeskommunen og andre	6
Infrastruktur	8
Interkommunalt samarbeid	9
Kompetanse.....	14
Arrangement	16
Ymse	18
Balanserekneskap.....	19
Driftsrekneskap	20
Vedlegg:.....	23
Organisering - samarbeidsstrukturar	23
Representantskap i IKS.....	23
Representasjon, oppnemningar, utsendingar o.a.:.....	24

ÅRSmelding

Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal regionråd for driftsåret 2012.

Arten og innhaldet til verksemda

Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Verksemda er organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i kommunelova. Regionrådet er sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemد i Setesdal.

Verksemda har tre strategiske satsingsområde - infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling, i tillegg har ein kompetanseutvikling som fokusområde.

Formalia - fundament for samarbeidet

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd - vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

Framhald av drifta

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med og i medhald av den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2013 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar og gjennom løvning i samsvar med konsesjonskraftavtale med kommunane og med rammeløvning til regionalt næringsfond frå Regionalt utviklingsprogram / KRD-midlar.

Arbeidsmiljø - ytre miljø

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore sjukdom eller skader på personell eller utstyr i 2012. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

Økonomi og resultat

Styret legg fram rekneskapen for 2012. Rekneskapen er førd i Valle kommune og revidert av Setesdal revisjonsdistrikt IKS. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit dekkande bilet av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapen for 2012.

Ordinært resultat for 2012 er på kr 567.485,-. Rekneskapsmessig overskot i driftsrekneskapen på kr 94.191,65. Rekneskapsmessig underskot i kapitalrekneskapen på kr. 42.219,00

Styret føreslår at reknskapsmessig overskot på kr 94.191,65 vert nytta til å dekke underskot i kapitalrekneskapen for 2012 med kr 42.219,-. Resten, kr 51.972,65, vert sett av til disposisjonsfond.

Måloppnåing

Det viktigaste resultatet i 2012 må seiast å vere at vi fekk ei samla landing og vidareføring av den 3-årige helse-satsinga gjennom etableringa av eit nytt interkommunalt samarbeid med dei lokalmedisinske tenestene i Setesdal. Den offensive satsinga har lett implementeringa av Samhandlingsreforma - og vi opplev at vi er godt budd på nye oppgåver lokalt og i fellesskapet.

Ein langvarig arbeid med infrastruktur og riksveg 9 for å posisjonere og få vårt prosjekt inn i ny Nasjonal transportplan 2013-2023 er gjennomført og hovudmålsettinga om forpliktande lovnad om samla restutbygging - gul midtstripe - innan 2023 synest å vere innan rekkevidde.

Arbeidsåret har vore prega av ulike ønskje til retningsval for det regionale samarbeidet, og kva ein skal legge i den regionale utviklingsrolla til Regionrådet. Dette har særleg kome til uttrykk i høve næringsarbeidet, og det har hemma det operative arbeidet m.v.

Reiselivssamarbeidet er i positiv utvikling – og det er gjengs oppfatning av at samarbeid er einaste alternativ for å ta del i organiseringa som finn stad i kjølevatnet av ny nasjonal reiselivsstrategi.

Saksomfang

Styret handsama i 2012; 155 politiske saker, 174 referatsaker, og 148 drøftingssaker.

Det var fatta 29 delegerte vedtak frå administrasjonen.

Godkjenning – årsmelding

I styremøte 22. mai 2013 vart årsmeldinga handsama og godkjent, jf styresak PS 99/13

Representantskapet tok årsmeldinga til etterretning i møte 19. juni 2013, sak 5/13

Representantskapet vedtok rekneskapen som lagd fram av styret, jf.sak 3/13 og disponering av overskot sak 4/13..

Leiv Rygg

Olav Neset

Bjørn Ropstad

Finn Bjørn Rørvik

Tarald Myrum

Nina Susanne Johnsen

Jon-Rolf Næss

Tor Hallvard Mosdøl

Som vedlegg følgjer:

- Budsjettkontroll, drift 2012
- Budsjettkontroll, drift og prosjekt 2012
- Driftsrekneskap
- Samandrag balanse
- Generelle notar
- Notar til rekneskapen
- Revisjonsmelding

Representantskap

Formannskapet i dei fire samarbeidskommunane er representantskap for Regionrådet.

For perioden 2012/2013 er Jon-Rolf Næss leiar og Bjørn A. Ropstad nestleiar.

Rådmennene og dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett.

Styre

For perioden 2012/2013 er Leiv Rygg vald til styreleiar og Tarald Myrum nestleiar.

Bykle kommune: ordførar Jon-Rolf Næss og varaordførar Tor Hallvard Mosdøl

Valle kommune: ordførar Tarald Myrum og formannskapsmedlem Frode Verpe / varaordførar Nina Susanne Johnsen f.o.m. 1. september 2012

Bygland kommune: ordførar Leiv Rygg og varaordførar Olav Nese

Evje og Hornnes kommune: ordførar Bjørn Ropstad og varaordførar Finn Bjørn Rørvik

Observatørar med møte- og talerett:

Aust-Agder fylkeskommune:

- Fylkesordførar Bjørgulf Sverdrup Lund
- med vara fylkesvaraordførar John-Olav Strand
- Fylkesrådmann Arild Eielsen

Rådmennene i dei samarbeidande kommunane:

- Tallak Hoslemo – Bykle
- Eivind Berg - Valle
- Aasmund Lauvdal - Bygland
- Jens Arild Johannessen – Evje og Hornnes

Dagleg leiar, Setesdal regionråd:

- Signe Sollien Haugå

Møtesekretær:

- Siri Alice Øvergård

Administrasjon – tilsette og faste engasjement

Dagleg leiar Signe Sollien Haugå er tilsett i 100 % stilling. Siri Alice Øvergård er tilsett i 60% prosjektstilling. Wenche Tangene var tilsett som helseprosjektkoordinator i 100 % prosjektstilling. Frode Verpe var tilsett som prosjektmedarbeidar i 100 % t.o.m. 31. august 2012 for å arbeide særskilt med lokalmedisinske tenester. Det var også engasjert prosjektleiarar i deltidsstillingar, / frikjøp til helseprosjekt, riksveg 9 , Smaken av Setesdal osv. Regionrådet har og avtalefest tenestekjøp gjennom Destinasjon Hovden AS for å arbeide med reiselivet regionalt under nemninga Visit Setesdal. Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, datastøtte, sentralbordtenester, kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester.

Setesdal revisjonsdistrikt IKS er revisor for Regionrådet.

Rådmannsgruppa

Rådmennene drøfter aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker i tillegg til mykje anna administrativ samordning mellom kommunane. Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem kommunen, t.d. oppfølging av felles interkommunale samarbeid. Den samla kompetansen i rådmannsgruppa i Setesdal er stor og verdfull i høve til mange og krevjande saksfelt. Ikke minst er samarbeidet ressurseffektivt. Dagleg leiar tilrettelegg møta og er sekretær for rådmannsgruppa.

Prosjektgrupper og liknande i 2012

- "Naturligvis" - komite
- Setesdalskonferansen – programkomite
- Smaken av Setesdal - styringsgruppe
- Visit Setesdal - reiselivsforum

Kontorarbeid og drift

Vi har avdelingskontor i kommunehuset i Bygland for prosjektmedarbeidaren.

Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad for dagleg leiar.

Regionrådet har tenesteavtale for kjøp av sekretærtenester, arkiv, økonomi, IKT o.a. i Valle kommune.

INVOLVERING I LANDSDELSORDSKIFTET

SAMHANDLING MED FYLKESKOMMUNEN OG ANDRE

Orienteringar og drøftingar:

Poltiråd Setesdal

Politimeister Kirsten Lindeberg med si leiing legg det årleg Poltirådet med tenestdistriktet (Setesdal og Åseral) samband med regionrådsmøte. Poltiråd vart gjennomført 20. jan 2012 og 17. okt. 2012. Tema var m.a. førebyggjande arbeid, informasjon om ny politistruktur og gjensidig status / orientering om status og utfordringar mellom kommunane og politiet.

Agderbenken –møte

Den 20. nov 2012 var det møte med Agderbenken på Stortinget.

Mellom tema vi tok opp var:

- Statlege/ offentlege arbeidsplassar til regionen
- Rv 9
- Norsk Luft Ambulanse– helikopterlandingsbase til Hovden
- Det digitale distriktsagder - status

Vitjing av storingsrepresentantar og sentrale politikarar – KVS Bygland og Landeskogen.

Storingsrepresentant Svein Harberg, fylkesordførar Bjørgulv Sverdrup Lund, og fylkesvaraordførar Jon-Olav Strand deltok på møte med desse.

Konsolideringsprosesess – Setesdalsmuseet og musea i Aust-Agder

Fylkeskultursjef Per Nordstrøm orienterte styret i møte 26.jan 2012. Styret melde raskt at ein ville vere proaktive i arbeidet, og Tarald Myrum som representantskapsleiar vart bedt om å følgje prosessen tett.

Regionalt utviklingsprogram – Agder / Aust-Agder:

Regionrådet synte til prioriterte område i Utviklingsplan Setesdal 2020 , og prioriterte prosjekt i høve Regionplan Agder 2020:

- Rv 9,
- Lokalisering av ei større verksemد hit
- Landeskogen - utvekslingsprogram med EU,
- Reiselivssatsing – Setesdal som reiserute og reisemål,
- Arealplanlegging og aktiv naturressursforvalting.

I tillegg vart tiltak som kan utløyse meir positiv folketalsutvikling og rekruttering, folkehelsesatsing og helseklynge-initiativ, vidaregåande skule- med struktur og linetilbod, kollektivtransport , og kapasitet / ressursar til regional utvikling og FOU som relaterer seg til særlege potensial eller utfordringar i området, bioenergi – og grønt reiseliv, kultur som kraft for nærings – og stadutvikling, opplevingsutvikling og Smaken av Setesdal vart og løfta fram som aktuelle saker å få hjelpe til å løfte fram for regional forsterking og samhandling utover eigen region..

Regional planstrategi – Aust Agder fylkeskommune:

Styret slutta seg til denne og synte til saksutgreiing der ein særleg målbar regional kompetansepolitikk, differensierte næringsstrategiar/-politikk, og at ein ønskja merksemd og opning for at Setesdal skal vere eit aktivum o gein attraktiv region for landsdelen med eigenart innanfor natur og kulturarv. Det vart framsett ønskje om ein eigen strategisk kulturminneplan for immaterielt kulturvern / handlingsboren kunnskap i planperioden.

Internasjonal strategi for Agder

Styret gav brei tilslutning til planen og signalisert samstundes at ein ønskjer å vere eit aktivum for landsdelen utover landegrensene. Landeskogen Peace Center vart løfta fram, samt at ein uttrykte ønskje realert til verdiskaping og reiselivsutvikling.

Visit Sørlandet. Regionrådet stadfesta at ein ønskjer å slutte opp om landsdelssamarbeidet. Samstundes var ein oppteken av å kunne vidareføre felles områdeprofiling /- marknadsføringskampanjar ved sida for Setesdal og Destinasjon Hovden. Ein signaliserte og ønskje om representasjon frå regionen i utviklinga av reiselivet i landsdelen. Med finansiering frå Innovasjon N. var det kjørt ei kursrekke for reiselivsverksemndene m.a. om vertskap, pakking og produktutvikling osb.

Bygningsvernsenter I april vedtok fylkestinget å opprette Bygningsvernsenter i regi av Aust-Agder fylkeskommune - i tråd med det ein arbeidde for i Strategisk kulturminneplan nyleg - og det ein i høyringsuttala og oppmoda til. Ei stilling vart lagt til Setedal.

Lokale energi-utgreiingar – Agder Energi nett AS

Styret vart orientert om utgreiingane og kva dess omhandlar , mellom anna energiforsyning, alternative energiløysingar mv. Det vart også orientert om orverisk tover nye utbyggingsplaner og at planene blir oppdatert årleg etter m.a. innspel frå kommunar og energi. Hovuddrøftinga omhandla tilstand og investeringsplanar knytt til leidningsnett med sideblikk på planlagtde småkraftubyggingar mv.

KS Agder – informasjon

Jan Inge Tungesvik og Jarl V. Erichsen deltok i styremøte 22. august og informerte om KS og KS-Agder.

Høyringsuttale til NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak.

Setpro utarbeidde høyringsuttale som styret i Regionrådet slutta seg til.

INFRASTRUKTUR

Riksveg 9

Påverknadsarbeidet er organisert styringsgruppe og administrativ prosjektgruppe med fylkeskommunen, statens vegvesen, NHO og Setesdalsregionen .

Styringsgruppe:

Kay A. Jeiskelid	Setesdal regionråd
Leiv Rygg	Setesdal regionråd
Bjørgulf Sverdrup Lund	Aust-Agder fylkeskommune
Siri Mathiesen	NHO

Kay Jeiskelid leia Rv 9 - arbeidet til han trekte seg 17.okt. 2012. Leiv Rygg vart vald som etterfølgjar – i tillegg vart Jon Rolf Næss bedt om å tiltre gruppera sitt arbeid.

Arbeidsgruppe: Ola Olsbu for Aust-Agder fylkeskommune, Harald Tobiassen og Erling Jonassen for Statens Vegvesen, Signe Sollien Haugå og Kjell Pedersen-Rise for Setesdal regionråd.

Prosjekteigar: Setesdal regionråd. Prosjektansvarleg: Signe Sollien Haugå.

Prosjektleiar : Kjell Pedersen-Rise.

Gruppa arbeidde i 2012 med å sikre posisjonering og med aktivt påverknadsarbeid i høve sentrale aktørar i arbeidet med ny nasjonal transportplan (NTP) . Ein drøfta og alternative strategiar med tanke på rammenivå og ambisjonar i høve samla restutbygging og påverknadsarbeidets målsettingar i høve løyvingar for 1. og 2. handlingsplanperiode (2014-2023).

Etableringa av felles vegaksjon mellom fylkeskommunane og NHO fordra tettare samarbeid for å vere koordinerte i kommunikasjonen eksternt og fremje både E18, E39 og Rv 9 som landsdelen sine prioriterte prosjekt. Fylkesordførar Bjørgulf Sverdrup Lund leiar dette arbeidet.

Rv 9-prosjekt var representert då ny samferdsleminister, Marit Arnstad, vitja Aust-Agder hausten 2012.

Det vart utarbeidd nyheitsbrev – brosjyremateriell samd presentasjon for Rv 9 prosjektet.

Parsellen Krokå-Langeid kom ut på anbod og arbeida starta opp hausten 2012.

Planlegging av Sandnes-Harstadberg kom og i gong.

IP soner

Styret slutta seg til å avvikle eksisterande samarbeidsavtale – og skifte leverandør av tenestene f.o.m 2013.

DS Bjoren AS

Dampskipet Bjoren søkte om årleg løyving – søknaden vart avvist i påvente av omorgansering og meir varig driftsopplegg for båten.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Helseprosjekt – LMT Setesdal

I 2012 konkluderte ein helseprosjekta og kva som skulle takast vidare til drift. Kommunane vart samde om om organiseringa av felles oppgåveløsing/ drift. Dette vart definert gjennom prosjektrapporten Lokalmedisinske tenester Setesdal. (LMT)-

Vertskommuneavtale – Samhandlingsreformen

Styret og dernest kommunestyra slutta seg til avtale om vertskommunetenester frå Evje og Hornnes for å vidareføre etablerte samarbeid innafor helsesatsinga – og med det sluttføre dei prosjekta som skulle over i varig drift. Tenestavtala vart gjort gjeldande frå 1.8. 2012 – og med finansiering frå Regionrådet fram til årsskiftet då kommunane tok fordeling av kostnadane.

Samarbeidet vart konkretisert og formalisert gjennom vertskommuneavtale.

I samarbeidet la ein representasjon i høve Overordna samarbeidsutval (OSS) med sjukehuset, og arbeidsutvalet, leiing av regionalt samarbeidsutval (RSU), oppfølging av samarbeidsavtaler- med koordinering vs delavtaler og tilhøyrande arbeidsgrupper. Oppfølging av prosess rundt endra ansvars og oppgåvedeling mellom kommunane og sjukehuset, vidare utvikling av LMT rapporteringar, koordinering av søknader til nye samhandlingstiltak, informasjonsarbeid, systemarbeid, helseovervaking og informasjonstryggleik osb.

Omstilling DPS Byglandsfjord – Sørlandet sjukehus. Regionrådet involverte seg i omstillingsprosessen rundt DPS Aust-Agder/ Byglandsfjord for å trygge fagmiljø og tilbod i distriktet. Ein var og oppteken av moglegitetene som følgjer av Samhandlingsreforma – og som kan indikere samhandling om utvikling av felles tenester kring verksemda. Resultatet av Sjukehuset si omlegging gjekk frå psykiatri – til rus og psykiatri. Poliklinikk og dagtilbod vart vidarerført. Ein drøfta og potensiale for utvikling av interkommunale tilbod i ljós av Samhandlingsreforma og forventa flytting av ansvar og oppgåver og innanfor dette feltet framover.

Helsekoordinator, Wenche Tangene , fekk utvida engasjement i 100 % først fram til 1.7 og sidan , gradvis nedtrapping fram til 1.1.2013.

Dette var del av innspurten på helsesatsinga i Regionrådsregi:

- Delavtaler – kommunane - Sørlandet sjukehus SF
- Etablering av vertskommunesamarbeid – helse og samhandling - frå prosjekt til drift
- Representasjon – fagutval – nettverk - helse
- Felles samhandlingskoordinator / leiar av LMT Setesdal
- Psykisk helse og rus
- Psykologstilling - interkommunal
- Ruskonsulent- interkommunal
- Demensteam og pårørandeskule
- IKT Helse
- Friskliv-, lærings og mestringssamarbeid – forstudie
- Desentraliserte spesialist-tenester - forprosjekt
- Hjertespesialist - desentralisert Holter – diagnostikk
- Innkjøp av utstyr – plasser p.t på legekontoret Evje

Visit Setesdal – Reiselivssamarbeidet!

Setesdalsamarbeidet samordnar og er talerør for reiselivet i mange fora og arenaer.

Gjennom dette får ein organisert felle marknadsføring av Setesdal og gjennomført felles tiltak som etablering av felles fotoarkiv, merkevarebygging, marknadsbidrag for å kjøre kampanjar og bli synlege og søkbare eksternt.

Samarbeidet har og medverka til at vi kan vere aktive i dei store strategiske drøftingane om organiseringa av reiselivet både i landedelen og nasjonalt, og vere aktivt på i høve ny Nasjonal reiselivsstrategi – når vi representerer ein heil region.

Destinasjon Hovden gjennom Bykle kommune fekk på plass samarbeidsavtale med Colorline . Den var opptakt til at fleire ser nytten av å kunne vere tilbydarar gjennom fellesskap med nye og ulike bookbare produkt. Styret melde positiv interesse for å vurdere felles reiselivsorganisering over tid.

Samarbeidet har pt eit godt samarbeid med dei øvre kommunane, Brokke og Nedre Setesdal reisetrafikklag – samt mange av einskilde reiselivsverksemndene i Setesdal.

Felles profilering/ områdemarknadsføring – Setesdal:

Eit av tiltaka er www.setesdal.com –nettstaden som publiserar arrangement , produkt og opplevingar for verksemde mv. Systemet kommuiserer med www.visitnorway.com –der Setesdal er presentert som sjølvstendig reisemål - på fleire språk vs norske og utanlandske marknader.

Produktoppdateringar på Setesdal-sida- blir automatisk agregert vidare til visit norway-portalen.

I 2012 var vi med på Vandrekampanje til Innovasjon Norge. Den vart eksponert i Tyskland, Nederland, England, Danmark og Sverige.

Norgeskatalog – Tyskland - I 2012 hadde vi ei heilsid. Katalogen inneholder overordna informasjon om Noreg som ferieland og vert nytta til alle større kampanjar , messer osb.

Visit Sørlandet - rundreisekampanje – Vi deltok i denne. Kampanjen fekk synlegheit på tyske og nederlandske nettsider.

Setesdal guiden: vår eigen reiselivsbrosjyre / trykksak – er framleis etterspurt og eit opplag på 450000 blir delt ut på norsk /engelsk, og ei på tysk / nederlandsksk.

Campingnæringa er relativt stor i Setesdal – det vart og kjøpt heilside i NHO reiseliv si profilering.

Anna profilering var; Dyreparkavisa, deltaking på 6 utanlandske messer, Norgeskampanjen til Innovasjon Norge – med ekstra profilering av Setesdal ved sida av Visit Sørlandet osb.

Heilskapleg skilting og gradering av turløypenettet i Setesdal

Reiselivssamarbeidet, Visit Setesdal, fekk i samarbeid med eigendel frå Regionrådet viktig støtte frå Aust-Agder fylkeskommune, for å sette i gong arbeid med skilting og gradering i høve internasjonal standard.

Administrativ – interkommunal samhandling via rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa blir leia av rådmannen i den kommune der styreleiar er, dvs at Aasmund Lauvdal er leiar pt. Dagleg leiar legg til rette møta i lag med leiar av gruppa, og deltek i desse.

I 2012 har rådmannsgruppa særleg arbeidd med:

- Felles rus-/ psykiatriplan
- Setesdal IKT
- NAV Setesdal
- Ladestasjonar – el-bilar
- Kontrollutval - regelendring
- Eigarskapstyring – interkommunale samarbeid / IKS
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT).
- Stillingsopprettning Helse-IKT
- Veterinærvakt
- Alternative organiseringar ved overgang frå prosjekt til drift - helsesarbeidet
- LMT Setesdal: fortløpende oppfølging vs helsekoordinator.
- Avtaleutforming - delavtaler – Sørlandet sjukehus. Oppnemnde representantar til ulike utval som arbeider med avtaleutvikling mellom kommunane og Sørlandet sjukehus.
- Desentraliserte spesialisttenester samhandling med kommunane og LMT Setesdal
- Oppnemning - brukarrepresentant og regionalt samarbeidsutval – Setesdal (RSS)
- Sørlandsutvalet – løfting av tema
- Søknadar om skjønsmiddel
- Barnevern (mellan dei tre kommunane Bykle, Valle og Bygland)
- Regionplan Agder
- Vassdrags-, særlovs- og forvaltingsrelaterte tema

Næringsutvikling

Som nemnt i styremeldinga har arbeidsåret har vore prega av ulike ønskje til retningsval for det regionale samarbeidet, og kva ein skal legge i den regionale utviklingsrolla til Regionrådet. Dette har særleg kome til uttrykk i høve næringsarbeidet, og det har hemma det operative arbeidet. Likevel, det er høgt aktivitetsnivå og mange intiativ på næringsfronten som Regionrådet har arbeidd med.

Forstudie – auka og styrkt samarbeid innanfor næringsarbeidet i Setesdal

Forstudien som var utarbeidd under prosessleiing av Agnete Rieber-Mohn.. Arbeidet kom i gong etter tinging frå felles kommunestyre / Setesdalsting og som oppfølging av konkret definert oppdrag i handlingsprogrammet til Utviklingsplan Setesdal 2020..

Forstudien såg på korelis ein kunne samordne og målrette regionale ressursar og aktivitetar, og tydeleggjer Regionrådet si rolle og oppgåver i næringsarbeidet. I botnen låg føringar om at kvar kommune skulle ha 1.line-teneste og høve til differensiert næringspolitikk /-ressursar seg imellom. Føremåle var mellom anna også å auke slagkrafta og redusere sårbarheita i kommunane sitt næringsarbeid. Forstudien koncretiserte 8 tiltak og ei 3-årig satsing med;

Etablering av Setesdal næringsforum, utarbeiding av strategisk næringsplan, felles næringsportal, fellesverktøy og kompetanseutvikling, styrkt kapasitet for regional koordinering og rolle v.s. omverda m.a. etter råd frå Innovasjon N. og Fylkeskommunen. Etablering av «tenestepool» for å kunne spisse og dele og utveksle tenester mellom aktørane i 1.lina, re-etablering av bedriftsgruppe og formalisering av samhandlinga mellom aktørane.

Rapporten vart drøfta i fleire møte i 2012. Styret og representantskapet vedtok løyving til styrking av Regionrådet si næringssatsing i budsjettet for 2013, jf møte 19.des 2013.

Setesdal Næringshage (SNH)

Gjennom heile 2012 vart det arbeidd med ulike måtar å re-vitalisere og finne måtar å re-organisere. Tarald Myrum leia undersøkinga av alternative måtar og organisere og ev samhandle med kommunane på. Før det var det og ytt administrativ bistand for utvikling av søknad til det nye næringshageprogrammet i lag med SNH og Siva v/ Frans Karlsson.

Regionalt næringsfond og eigne middel til næringsutvikling

Samla løyvingar til næringsutvikling var i 2012 på 2,3 mill.
Av dette var vel 1 mill. løyving frå Fylkeskommunen (Regionalt næringsfond).

Næringsramma har i hovudtrekk vore disponert til

- Omdømmebygging (temaavis, utstilling og små kulturtiltak) 225` ,
- Kulturnæringsrelaterte løyvingar 45
- Reiseliv - arrangementsutvikling:130`
- Naturligvis – ymse mat-arrangement: 180`
- Etablerarstøtte: 340 `
- Konsept/ strategiutvikling/ forprosjekt: 678`
- Investeringsstøtte: 455`
- Landbruk (mjølkekvote, nydyrkning mv): 201`
- Kompetansetiltak – bedriftsnivå. 45`

Nokre av de større sakene frå 2012 var:

Landbruk – nydyrkning og mjølkekvoteordninga: Mjølkekvoteordninga har medverka til at samla produksjon har blitt oppretthalde og auke litt sjølv om talet på driftseiningar er redusert i Setesdal dei seinare åra. I 2012 var det to større løyvingar på 67-71% til driftige bønder i Evje Hornnes og nokre mindre. Det er årleg og fleire nydyrkningssaker. (Større investeringssaker blir handtert via Innovasjon Norge.) I tillegg kjem med-finansiering av husdyrprosjektet i regi av Norsk Landbruks rådgjeving – Setesdal.

Sølgarden – omstillingssarbeid Sølgarden er eit regionalt viktig reiselivsanlegg, og viktig infrastruktur både i høve lokalsamfunn, region, gjestar og ferdafolk. Verksemda sleit med gjeldsbyrde etter massiv utbygging. Verksemda fekk ettergitt lån og heftingar for å medverke til vidare drift.

Valle modellverkstad I samband med eigarskifte og re-start av verksemda ytte styret ei løyving innretta mot etableringskostandardar, marknadsarbeid, produktutvikling mv. Valle kommune, Aust-Agder næringsselskap bidrog og til re-etableringa. Ein vurderer at løyvinga var utløysande i høve å sikre vidare drift / re-etablering.

Woodward / Camp Evje Initiativtakarane ønskja å konkretisere eit konsept og det var naudsynt med forretningsplanarbeid og marknadsvurdering før dei kunne få finansiørar til eit ev hovudprosjekt. Prosjektet var forankra med Evje utvikling- som og følgde prosjektet tett vs Innovasjon N. Prosjekteigarane valde å realisere konseptet på Lista.

Veidemann: Styret løvde etableringsstøtte til eit nytt selskap som skulle drive med netthandel og turguiding m.v. Etableringa har ikkje lete seg realisere og løyvinga blir trekt inn.

KVS Bygland fekk støtte til strategisk utviklingsarbeid og utvikling av liner/tilbod. Ein avventar sluttføring av strategiprosess – og har tett dialog om utviklingsarbeid, linetilbod og anna.

Tine Meieriet Setedal Verksemda ønskja å investe i ny produksjonsline. Styret ytte løyving frå Regionalt næringsfond på vanleg måte.

Smaken av Setesdal Prosjektet var og tema for stand på Naturligvis på Evjemoen i august 2012. I tillegg til utstilling deltok fleire av produsentane og reiselivsverksemndene med sal og promotering. Eiga heimeside vart lansert i samband med dette. Øyvind Nese vart engasjert som prosjektleiar etter Rune Ingebretsen. Det vart arbeidd med å leggje til rettes for gradvis overtaking frå dei private aktørane i etter modell frå m.a. Røros-mat.

Setesdalskonferansen 26-27. april (her eller under arrangement)

På programmet stod merkevarebygging med Mette Fagerli, og knep innafor marknadsføring og sal, med Richard Jacobsen som hovudinntektarar. I programmet var og vitjing på Byklevindu og innlegg m.a. frå raftingverksemda Troll Aktiv. Styrk Fjærtoft Trondsen var konferansier. Ørnulf Hasla var kjøgemeister under festmiddagen.

Setesdalsprisen 2012

Alf Tore Moen har grunda eit heilt livsverk gjennom Evjeklinikken AS. Verksemda starta i 2005 - og er i dag ei solid verksemnd i stadig utvikling. Difor fekk han og utmerkinga Setesdalsprisen 2012. Fylkesmann Øystein Djupedal stod for overrekkinga under Setesdalskonferansen i Bykle 26. april 2012.

Grunngjeving – tildeling/ juryen si avgjerd: Prisen går i år til ein Innovatør som har synt både entreprenørskapsånd, mot, risikovilje og iherdig innsats for opparbeide ei solid verksemnd sidan starten i 2005. Prismottakaren har ved god støtte frå ektefellen etablert ei framtidssikra verksemnd – i framkant av ein trend og ein veksande marknad. Etableringa var og er banebrytande i metodeutvikling og utvikling av spisskompetanse innafor si nisje, og i høve å ta posisjonar i ein lokal, regional og nasjonal marknad. Selskapet står i dag fram som ei av de mest vellykka bedriftsetableringane i distriktet på lang tid. Etableringa har vist seg å bli ein suksess med jamne gode økonomiske resultat, stor sysselsettingseffekt av personar med høg kompetanse (og høg kvinunedel). Verksemda er ein viktig arbeidsplass i regionen og syter for rekruttering og tilflytting, og positive

ringverknader og auka etterspurnad etter varer og tenester i området. Selskapet har sidan etablering lagt stor vekt på FoU-arbeid og vidareutvikling som har vært med på å styrke verksemda sin posisjon og konkurranseskraft. Verksemda kom som eit initiativ /resultat av omstillingssprosjektet knytt til nedlegginga av Evjemoen.

Ungt Entreprenørskap – KVS Bygland :

Leiv Rygg og Tarald Myrum vart utpeikt til å samarbeide vidare med skulen for å få dette til Setesdal.

KOMPETANSE

Basiskompetanse til arbeidslivet – VOX.

Setesdal Regionråd sökte på vegne av 6 verksemder i regionen om midlar til kartlegging og opplæring innan basiskompetanse for til saman 18-20 tilsette, samt motivasjon og kartlegging i nye verksemder i dei fire kommunane. Tiltaket vart gjennomført hausten 2011, og vår 2012.

I alt 5 verksemder og 14 personer fullførte kompetanseløftet. Prosjektleiing er utført av Connie Barthold i Evje Utvikling. Birgit Attestog – Setesdal vidaregåande – har det fagleg ansvaret og praktisk gjennomføring av kursa.

Plan-og bygingslova - søknadsutforming

Valle næringslag arrangerer i samarbeid med Valle kommune og Kristiansand byggrådgivning A/S kurs i Plan- og bygningsloven (PBL), med tilhøyrande forskrifter og rettleiingar. Og seinare ei grundig trinnvis innføring i byggesøknaden. Kurset var innretta for utførande entreprenørar i alle fagområde (utbyggjarar, byggherrar og søkerar) Regionrådet støtta tiltaket – mot at det var ope for deltakarar frå heile Setesdal. Kurset vart koordinert og tilrettelagt av Liv Elin Berg, Valle kommune i lag med næringslaget.

Godt vertskap – Reiseliv

I samarbeid med Innovasjon Norge arrangerte vi via Destinasjon Hovden eit nytt kurs: Godt Vertskap. Kurset fann stad 10 og 11 januar 2012 på Bykle Hotel. Kurset var for alle som har vertsskapsrolle i ei eller annan form. Lasse Eidskrem - destinasjonssjef for Setesdal / Destinasjon Hovden AS var prosjektleiar.

Kapitalstyring og finansiering – næringslivet

Glenn Håkonsen – BI Kristiansand vart engasjert til å kjøre kurs i kapital- og økonomistyring for næringsverksemder. Kurset omhandla disposisjonar og finansiering i høve investeringar, kostnader knytt til eigenkapital og ulike typar gjeld, og likviditet. Kurset vart gjennomført med to kveldssamlingar, og to kursstader, Hovden og Evje, våren 2012.

«Det som er godt for hyttefolk – er godt for fastbuande! » Distriktsenteret – FOU med case Setesdal

Distriktsenteret valde ut fleire case til ein FOU-utgreiing som mellom anna skulle løftast inn i arbeidet med ny distriktsmelding. Bykle kommune vart vald ut til å delta i prosjektet, som skulle sjå på utviklingsarbeid innretta mot både hytte- og bygdefolk. Roar Werner Vangsnes – kontaktansvarleg for Agderfylka for Distriktsenteret var rundt i regionen og forankra prosjektet i lag med Regionrådet.

Cultural based rural development strategies (CUBARU)

CUBARU er eit prosjekt som undersøkjer potensialet for kulturbaserte stadutviklingsstrategiar i små kommunar i regi av Agderforskning. Dette er eit fireårig RFF prosjekt (2012-2015). Prosjektet undersøkjer potensialet for kulturbaserte stadutviklingsstrategiar i små kommunar.

Hovudproblemstillinga er korleis små kommunar på Agder kan tilpasse kulturbaserte stadutviklingsstrategiar på gode måtar. Prosjektet undersøkjer korleis kultur blir forstått og blir iverksett som strategiar i kommunane, korleis kommunen kan påverke prosessane og kva for aktørar som blir ansa for å vere viktige. Prosjektet tek utgangspunkt i fire kommunar som alle har veklagt «kultur» som eit viktig perspektiv i sin samfunn sine- eller næringsutviklings policy, om enn på ulik måte. Dei fire kommunane er Valle, Bykle, Flikkefjord og Kvinesdal.

Universitetet i Bergen – samfunnsgeografi – feltstudier

Professor Arnt Fløysand og førsteamanensis Knut Hidle la feltsamling til Bykle og Valle. Regionrådet faciliterte opplegget i lag me desse kommunane og mange lokale informantar og ressurspersonar.

Tema for oppgåvane omhandla:

- Kraftproduksjon og offentleg rikdom
- Omstilling i landbruket
- Nyetableringar - friluftsrelaterte verksemder
- Forvaltinga av utmarksområde
- Hyggebygging – urbanisering / merkevarebygging
- Hyttebygging og stadutvikling
- Flyttestraumar – demografiske utfordringar

Nytt sjukepleierstudium 2012-2016

Styret godkjente oppstart og medfinansiering av nytt distriktsvennleg studium i lag med Lister og Lindesnes. Det vart teke opp vel 40 studenter, av desse 8 i Setesdal. Setesdal vidaregåande skule, avd Valle vart samlingsstad for kullet denne gongen.

Samplan 2012

SAMPLAN er et etter- og videreutdanningstilbud i samfunnsplanlegging. Studiet er utvikla av Kommunenes Sentralforbund (KS) i samarbeid med Høgskolen i Lillehammer og Universitetet i Tromsø. Dagleg leiar fullførte studiet med 30 stp. i 2012.

ARRANGEMENT

Representantskap SR og IKS

Den 20. juni gjennomførte vi representantskap for Setesdal revisjonsdistrikt IKS og Regionrådet. Den 21. juni tilsvarende for Setpro AS, Setesdalsmuseet drift og eigedom IKS og Setesdal brannvesen IKS og Setesdal renovasjon og gjenvinning IKS. Tilsvarande vart det tilrettelagt koordinerte representantskap i desember.

Eigarstyring – interkommunale samarbeid.

Dei folkevalde tok initiativ til temadag kring eigarskap og interkommunale selskap (IKS). Det vart gjennomført temadag - felles folkevaldoplæring / eigarstyringsdag for formannskap m.fl. Roy Mersland ved Universitetet i Agder, Vidar Skaaland - rådmann i Songdalen, og Erna Larsen frå KS-Advokatane er mellom innleiarane. Etterpå var det politisk drøfting og sparring med "ekspertpanelet". Møtet finn stad på Revsnes 20. juni 2012. (meir her)

Vitnemålsutdeling – distriktsvennleg sjukepleiarutdanning - Lister – Lindesnes – Setesdal

I alt 35 nyutdanna sjukepleiarar fekk vitnemåla sine ved ei tilstelling Revsnes. Undervisning i form av videokonferansar og nettforelesingar, samt praksisopplæring i nærmiljøet låste opp stengsler for utdanning – og har samstundes sikra kommunane kvalifisert arbeidskraft. Det var stor stas då Janne Fardal frå Lindesnes regionen, Ingunn Foss for Lister, Leiv Rygg frå Setesdal - og Kari Brottcorp får Universitetet i Agder (UiA) helsa dei nye sjukepleiarane på festmiddagene 20.juni 2012. Jørn Stordalen har hatt ansvaret for dette kullet. Rektorane ved studiestadane fekk takk - saman med nøkkelpersonar ved UiA og studentrepresentant i styringsgruppa frå regionane ved Hallfrid Os-Andersen, Per Storetvedt og Signe Sollien Haugå.

Fagdag Evjeklinikken – helsesøster fagdag-i Agder

I samarbeid med Evjeklinikken inviterte Regionrådet til temadag på Evjemoen. Målgruppa var primært folk som arbeider innafor helse, førebygging og rehabilitering. Tema var å presentere tilbodet som finst på Evjeklinikken - med fokus på barn og unge, interaktive tenester osb som kan vere av særleg interesse for kommunane. Ein fekk og presentert våre prosjekt og utveksla tankar rundt framtidig samhandling med regionane rundt oss.

Setesdalstinget vart først vedteke skyvd til hausten 2012 . Tinget var sidan utsett inntil vidare.

Norsk Kulturarv – vart introdusert for styret i april 2012. Norsk kulturarv er ein ideell stifting som arbeid for vern gjennom bruk. Fokus er praktiske tiltak i samarbeid med offentlege styremakter og næringsliv for slik å ta vare på mangfaldet i kulturarven. Setesdal regionråd vart den første regionen som teikna samarbeidsavtale på vegne av kommunane har og reiselivssamarbeidet. Samarbeidsavtala omhandla samarbeid fr m.a. å få målretta kursing for landsdelen i høve materielllære og bygningsteknikk for verneverdig bygningar, i samarbeid med Setesdalsmuseet/ Bygningsvernenteret (under etablering), distribusjon av kurs i regi av Senter for bygdekultur og Norsk kulturarv til landsdelen mv. Setesdal regionråd har og prioritert for samarbeid rundt nasjonal eller internasjonal satsing på immateriell kulturarv og handboren kunnskap - og Setesdal som fokusområde.

Avtala omfatta og profilering av ikkje-kommersielle kulturminne gjennom nettportalen Olavsrosa, og intensionar om å gå i gang med aktivt undervisningsopplegg for grunnskulen.

I samband med søknadsoverlevering for Olavsrose til Bjoren vart det og signert samarbeidsavtale mellom kommunane via Regionrådet og Norsk kulturarv om bord på fartyet DS Bjoren 20.juni.

Adm. dir Simen Bjørgen deltok på arrangementet.

Bilet-tekst: Den 20. juni signerte styreleiar i regionrådet, Leiv Rygg og direktør i Norsk Kulturarv, Simen Bjørgen, samarbeidsavtala. Setesdal er den første regionen som inngår samarbeid på vegne av fleire kommunar. Ein av utviklingsstrategiane våre er å vere eit aktivum for landsdelen, og å vidareutvikle regionen som eit reisemål for heile landet og europeiske gjester. Vi vil nytte dei særmerkte og stadbundne natur – og kulturressursane våre i utviklinga av nye opplevelingar. Dette vil føregå på fleire måtar – ma..a med utviklingsarbeid langs reiseruta til fjordane i vest, gjennom matkulturprosjektet "Smaken av Setesdal" og medvitnen profilering mellom anna via Norsk kulturarv. - Samarbeidsavtala markerar eit taktskifte for å løfte fram og aktivere den særmerkte natur-og kulturarven i Setesdal endå meir, seier styreleiar Leiv Rygg. Vi gler oss til samarbeidet mellom regionen/reiselivet i Setesdal og Norsk kulturarv

Reiselivsmøte – Lisa: Evje utvikling arrangerte dagmøte om bygdeturisme. Innovasjon N. og Regionrådet finansierte arrangementet.

Fagseminar – Helt vilt: Hovden høgfjellshotell v/ Frank Eckman tok regi for lærlinge – og engrosmesse på Hovden, i samarbeid med opplæringsnemnda m.fl. Regionrådet ytte støtte til arrangementet som sette fokus på lokale råvarer, vilt og menya frå naturens spiskammer.

YMSE

Gulli Åkkås

Mållaget på Agder presenterte eit forprosjekt om språkleg identitet innretta mot barnehagane. Intensjonen var å kom ei gong med eit 3-årig prosjekt i dei fire kommunane i Setesdal. Målet er å styrke språkleg identitet ved auka medvit om ,bruk av lokale dialektar, nynorsk skriftspråk og lokal kultur og tradisjon. Styret signaliserte velvilje til eit ev. hovudprosjekt.

Målform!

I kjølvatnet av måldebatt både i Bykle og Bygland presiserte og styret at Regionrådet skal legge fram sine saksutgreiingar på nynorsk!

Setesdal IKT

Iveland slutta seg til samarbeidet i 2012 på lik line med dei andre kommunane.

Profilering

- Naturligvis (oppdrag)
- Colorline Setesdal Tour
- Setesdølen
- Dagens næringsliv - bilag
- Rogaland næringsliv

SR Drift: I løpet av året vart konverteringa til elektronisk utlegging av saksdokument gjennomført.

Heimeside – Setesdal Ikt tok prosjektkoordinering for utvikling av nye heimesider for kommunane og Regionrådet (interkommunale samarbeid). Tress Design vart engasjert til å bistå i utvikling av sideuttrykk og funksjonalitet, medanvart vald som programmerings/systemplattform. Sidene vil bli lansert 1.halvår 2013.

BALANSEREKNESKAP

	Rekneskapsår 2012	Rekneskapsår 2011
EIGEDELAR		
<i>Anleggsmidlar</i>		
Utlån	33 652	314 653
Aksjar og andelar	649 611	1 386 206
Pensjonsmidlar	1 006 223	662 028
Sum anleggsmidlar	1 689 486	2 362 887
<i>A. Omløpsmidlar</i>		
Kortsiktige forandringar	6 689 908	9 111 033
Kasse, postgiro, bankinnskot	6 185 203	3 833 826
Sum omløpsmidlar	12 875 111	12 944 860
Sum egedelar	14 564 598	15 307 748
GJELD OG EIGENKAPITAL		
<i>Eigenkapital</i>		
Disposisjonsfond	-7 647 570	-6 898 417
Bundne driftsfond	-471 945	-735 231
Rekneskapsmessig overskot	-94 191	-40 376
Rekneskapsmessig underskot	42 219	27 803
Kapitalkonto	-427 366	-1 471 692
Sum eigenkapital	-8 598 854	-9 117 914
<i>Gjeld</i>		
<i>Langsiktig gjeld</i>		
Pensjonsforplikting	-1 261 723	-890 799
Sum langsiktig gjeld	-1 261 723	-890 799
<i>Kortsiktig gjeld</i>		
Anna kortsiktig gjeld	-4 686 741	-5 225 483
Premieavvik	-17 277	-73 596
Sum kortsiktig gjeld	-4 704 019	-5 299 034
Sum gjeld	-5 965 743	-6 189 834
Sum eigenkapital og gjeld	-14 564 598	-15 307 748

DRIFTSREKNEKAP

Driftsrekneskap	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Driftsinntekter		
Salsinntekter	- 310	0
Refusjonar	- 2 553 515	- 9 910 946
Overføringer	- 11 294 369	- 5 150 000
Andre driftsinntekter	- 1 005 934	- 533 270
Sum driftsinntekter B	-14 854 128	-15 594 217
Driftsutgifter		
Løn inkl. sosiale utgiftar	3 225 514	2 646 822
Kjøp av varer og tenester	5 893 231	6 805 642
Overføringer	4 503 113	4 169 310
Andre driftsutgifter	1 005 934	533 270
Sum driftsutgifter C	14 627 793	14 155 045
Driftsresultat D=B-C	-226 335	-1 439 171
Finanspostar		
Renteinntekter	-186 051	-174 233
Renteutgifter	902	6 742
Avdrag på lån		103 000
Motekne avdrag på lån	-156 001	-78 001
Ordinært resultat H	-567 485	-1 581 664
Interne finanstransaksjonar		
Avsetningar	1 775 950	3 335 304
Bruk av tidligare avsetningar	-1 302 656	-1 794 017
Sum avsetningar J	473 293	1 541 287
Rekneskapsmessig resultat K=H+I-J	-94 191	-40 376
Rekneskapsmessig overskot	94 191	40 376

Noter

Aksjar og andelar som er ført opp som anleggsmidlar

	Bokført verdi	Marknadsverdi	Eigarandel
Eigenkapitalinnskott KLP	5 993		
Setesdal Biltruter LL	445 500	1 042 078	4,01 %
Stiftinga Haukeliseterfestival	10 000	8 064	5,6 %
Evjeklinikken	148 118	148 118	11,13 %
Setesdal Næringshage	40 000	37 600	10 %
Sum aksjar og andelar	649 611		

Spesifikasjon av overføringer mellom selskap og deltagarar	Beløp
Bykle kommune	-1 300 000
Bykle kommune	14 000
Valle kommune	-1 300 000
Valle kommune	192 617
Bygland kommune	1 300 000
Bygland kommune	-269 298
Evje og Hornnes kommune	-1 300 000
Evje og Hornnes kommune	-150 000
Evje og Hornnes kommune	323 918

Eksterne inntekter	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Salsinntekter	-310	0
Refusjon frå staten	-3 130 608	-4 385 269
Refusjon frå fylkeskommunen	-5 216 500	-5 151 000
Andre refusjonar	-148 775	-220 600
Totalt	-8 496 193	-9 756 869

Refusjonane omfattar i hovudsak løyvingar til ymse helseprosjekt og refusjonar i samband med VOX o.a.

Midlar gjennom «Konsesjonskraftsavtalen» mellom kommunane og Aust-Agder fylkeskommune, Regionalt næringsfond m.v.

Bemannig og ytingar til ledande personar	2012	2011
Løn dagleg leiar	687 169	679 850
Løn styreleiar	136 000	130 000
Godtgjering revisor:		
- Revisjon	19 367	12 060
- Bistand	6 035	10 208

REVISORMELDING



Setesdal Revisjonsdistrikt IKS
- Bykle-Valle-Bygland-Evje og Hornnes-Iveland -

MOTTATT
16 MAI 2013
Valle kommune

Til styret i Setesdal Regionråd

REVISORS BERETNING FOR 2012

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Setesdal Regionråd som viser et ordinært resultat på kr 567.485,48 og et regnskapsmessig resultat på kr 94.191,65. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2012, driftsregnskap og kapitalregnskap avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god communal regnskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god communal revisjonskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandarden krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysingene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjenn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for samarbeidets utarbeidelse av et årsregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingene som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av samarbeidets interna kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Setesdal Regionråd per 31. desember 2012, og av

TELEFON	E-POST	POSTADRESSE	ORG.NR.
Risingård	916 31 468	srisingaard@e-h.kommune.no	976 662 652 MVA
Karlsen	918 12 540	edvard.karlsen@e-h.kommune.no	
Pytten	977 60 455	tpytten@e-h.kommune.no	
		BESØKSADRESSE	BANKKONTONR
		Evdemoen	2901.11.01788



resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne dato i samsvar kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god communal regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjonene som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtalet, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om driftsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysingene i driftsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av samarbeidets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Fra: 15.05.2013
Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

Steinar Risingård
revisjonsjef

VEDLEGG:

ORGANISERING - SAMARBEIDSSTRUKTURAR

Representantskap i IKS

Styret i Regionrådet utgjer representantskap i dei interkommunale selskapa i Setesdal:

- Setesdal brannvesen IKS
- Setesdal miljø og gjenvinning IKS (renovasjonsselskap)
- Setesdalsmuseet IKS / Setesdalsmuseet eigedom IKS
- Setesdal revisjonsdistrikt IKS

* sjå vedlegg med oversikt over styreverv for perioden 2012-2013.

Leiarar av representantskap i dei interkommunale verksemndene (IKS):

Setesdal Brannvesen IKS –	leiar Leiv Rygg vald for to år (2012-2013) nestleiar Tarald Myrum vald for to år (2012-2013)
Setesdal revisjonsdistrikt IKS:	leiar Bjørn Ropstad vald for to år (2012-2013) nestleiar Leiv Rygg vald for to år (2012-2013)
Setesdal miljø og gjenvinning IKS:	leiar Jon-Rolf Næss vald for to år (2012-2013) nestleiar Tarald Myrum vald for to år (2012-2013)
Setesdalsmuseet IKS:	leiar Tarald Myrum vald for to år (2012-2013) nestleiar Jon-Rolf Næss vald for to år (2012-2013)
Setesdalsmuseet Eigedom IKS :	leiar Tarald Myrum vald for to år (2012-2013) nestleiar Leiv Rygg vald for to år (2012-2013)

Representasjon, oppnemningar, utsendingar o.a.:

Vassdragsstyret for Nedre Otra, observatør til styret: Leiv Rygg

Vassdragsstyret for Øvre Otra: Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2.vara

Krypsivprosjektet: Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2.vara

Krypsivfondet: Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2.vara

Forvaltingsplan for Otra / vassdirektivet, representantar til arbeidsutvalet: ordførarane

Vassregionutvalet: Leiv Rygg, med Bjørn Ropstad som vara etter valet.

Regionplan Agder 2020:

- styringsgruppa: Leiv Rygg
- rådmannsgruppa: Åsmund Lauvdal
- sekretariatet: Signe Sollien Haugå

Sørlandet samferdselsløft: Leiv Rygg

NAV Setesdal: rådmennene er styringsgruppe og representantar i partnarskapsstyret

Overordna strategisk samarbeidsutval (OSS): Jens A. Johannessen

OSS arbeidsutval: Wenche Tangene

Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder: Tallak Hoslemo

Innkjøppsentralen Offentlig Fellesinnkjøp på Agder (OFA), arbeidsutvalet: Tallak Hoslemo

IKS- valkomité, valperioden: rådmennene

Tingingsdialog UiA – Lister, Lindesnes og Setesdal: for Setesdal;Signe Sollien Haugå

KS Agder, regionrådsutval: Signe Sollien Haugå

Visit Sørlandet, Visit Setesdal via Destinasjon Hovden: Lasse Eidskrem

Styret har ikkje oppnemnt, men er orientert om at dagleg leiar har desse relaterte verva:

- Setesdal Informasjons- og kompetansesenter (SIK): styrerrepresentant
- Evje utvikling, observatør til styret
- Destinasjon Hovden – styrerrepresentant
- Aust-Agder utviklings- og kompetansefond – styrerrepresentant